

Innkalling og referat frå Utdanningsutvalet FHS

Dato: 25.11.19 kl 9:00 – 11:00 Skypemøte

Til stades: Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvdal Eikefjord, Marianne Iren Vigdal, Cecilie Thaule Løvlid, Kristin Senneset, og Hilde Kristin Tveit

Meldt avbod: Johannes Haltbakk og Bjarne Kattenberg (vara ikkje muleg å kalle inn pga kort varsel)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar.	Prodekan	2 min
Referat: Innkalling og sakliste ble godkjent utan kommentarar.				
2/19 Status nye studieplanar kva er felles utfordringar?	Vedlegg: Sjå vedlegga for handsaming av studieplanane i Utdanningsutvalet HVL (barnevern, sosialt arbeid og vernepleie sjå sak 35-36 og 37)	Diskutera felles problemstillingar som peikar seg ut etter vurderinga som er gjort av HVL før handsaming av saka i Utdanningsutvalet HVL 13.11.19	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	20 min

Fakultet for helse- og sosialvitenskap**Referat:**

Prodekan gjekk gjennom status på arbeidet med dei nye studieplanane (RETHOS). Studieplanane til barnevernutdanninga, sosialt arbeid og vernepleie har nyleg vore til handsaming i Utdanningsutvalet. Bachelor i sjukepleie, - ergoterapi, - fysioterapi, og -radiografi har nett levert studieplanane for vidare handsaming av Utdanningsutvalet i møte 11. desember.

Fokus har vore på å ferdigstille studieplanar og ikkje fått nytta nok tid til beskriving og dokumentasjon for å oppfylle krav til akkreditering. Studieplanane blei godkjent av Utdanningsutvalet i møte 13.11.19 med ein del moment som må følgjast opp. Utdanningane har fått eit år på å retta opp følgjande moment:

- korleis byggjer det internasjonale fagmiljøa opp om utdanningane?
- korleis er dei internasjonale avtalane i bruk og korleis brukar tilsette si forskning inn i undervisninga?
- korleis er fagmiljøa si kompetanse inkl. digital og pedagogisk kompetanse?
- samarbeidsavtalar med praksisinstitusjonane må utarbeidast
- formuleringar i arbeidskrav og vurderingsromar i emneplanar må følgast opp
- justere studieplanane i tråd med ny [Rettleiar for utforming av studie- og emneplanar ved HVL](#) (godkjent 13.11.19)

Fakultetet jobbar med å etablera praksisavtalar med både spesialisthelsetenesta, kommunar, NAV og private institusjonar. Målet er at desse skal vere på plass til studiestart august 2020.

Utvalet blei utfordra på om det er nokre felles utfordringar fakultetet kan ta tak i.

Kommentarar frå utvalet:

- NTNU – har gjort mykje det same som fakultetet i arbeidet med nye studieplanar. Alle planane er godkjent av NTNU sitt styre
- Samkøying av studieplanane har vore utfordrande, men det har vore eit spennande arbeid å vere med på
- Det har vore samordning internt i institutta meir enn på tvers i fakultetet
- Det har vore ein lærerik prosess der fagmiljøa har blitt godt kjent
- Det er viktig å fortsetje det gode arbeidet
- Utdanningane treng hjelp i den vidare prosessen med implementering
- Det har vore vanskeleg å jobbe detaljert på alle studieåra
- Korleis bruke forsikring inn i undervisninga var vanskeleg å skrive i søknaden – kor detaljert skulle det vere?

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

- Det er viktig å få på plass ein plan for korleis jobbe vidare med prosessen i trinn to. Fakultetet må utarbeide ein plan for korleis fakultetet drive prosessen fram mot februar 2021 og ny søknad om godkjenning
- Det må utarbeidast ein rettleiar for korleis fakultetet sjølv skal kvalitetssikre studieplanar før dei sendast til Avdeling for utdanningskvalitet . NTNU har f. eks ein fast person frå fellestenesta som er med undervegs i prosessen og slik unngår at ein sender i frå seg søknadar som ikkje tilfredsstillir krava


Arbeidet med å implementere emneplanane er viktig i tida framover. For studieprogram på fleire campus vil fleire tilsette sjå ei større endring i måten å jobbe med studie og emneplanar og implementering av desse. Det vil mellom anna bli emneteam med ein hovud emneansvarleg og fleire koordinatorar.

Det må også lagast emnekodar for kvar campus for sjukepleie, sidan dei må ha eksamen på ulik tid for å få praksisemnene til å gå i hop.

Det vert eit felles Canvas rom for campus Bergen og campus Sognal for vernepleie og sosialt arbeid. Dei skal ha eksamen på same tid og skal ha same emnekode.

Utvalet anbefaler at det utarbeidast ei prosessbeskriving for ferdigstilling av studieplanar. Det er viktig å ha ein kontaktperson sentralt som er tett på i utarbeiding av nye studieprogram.

Saka tas opp på neste møte i Utdanningsutvalet.

<p>3/19 Mal for anonym evaluering av teoriemne, FHS</p>	<p>Vedlegg:</p>  <p>Vedlegg til sak 3 Mal for anonym eval</p>	<p>Innspel til mal for anonym evaluering jmf. Kvalitetshandboka: «Anonym sluttevaluering på emne som vert gjennomført i slutten av emnet minimum kvart tredje år».</p>	<p>Kvalitetsrådgivar orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>15 min</p>
--	--	--	---	---------------

Referat:


Utvalet har følgjande innspel til mal for anonym emneevaluering:

- Malen er eit godt utgangspunkt, men det må tydeleggjerast kva skjemaet skal brukast til
- Malen bør nytte omgrepa og språkdrakta i emneplanane

Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Bruke dei rette omgrepa – f. eks. ikkje kurs men emne
- Det må vere logikk i rekkefølge av spørsmåla – til dømes kan ein ta vekk dei innleiande spørsmåla som nyttast i studiebarometeret
- Ein må ta høgde for at det er fleire undervisarar inne i eit emne
- Det bør leggjast til eit spørsmål om korleis studentane møter forskning i undervisninga og evaluerer om det er forskingsbasert undervisning
- Ein bør leggje til eit spørsmål som dekkjer internasjonalisering i emnet
- Ta inn spørsmål som dekkjer bruk av digitale e- læring ressursar (omvendt undervisning mm)

Utdanningsutvalet ber om at malen justerast og at den sendast til prodekan for godkjenning.

<p>4/19 Rapport: Analyse av arbeidskrav HVL</p>	<p>Vedlegg: Sjå sak om rettleiar for utforming av nye studie – og emneplanar ved HVL</p>  <p>Vedlegg til sak 4 Analyse av arbeidskr</p>	<p>HVL har til behandling ein rettleiar for arbeid med studie- og emneplanar (sjå link)</p> <p>HVL har og nett avslutta eit analysearbeid om arbeidskrav (Rapport arbeidskrav).</p> <p>«Arbeidskrav er alle obligatoriske læringsaktivitetar som er sett som vilkår for å ha rett til å ta eksamen eller gå ut i praksisstudium. Arbeidskrav blir vurdert til godkjent/ikkje godkjent og inngår ikkje i endeleg karakter»</p> <p>Kva seier rapporten og korleis kan fagmiljøa arbeide for at arbeidskrava vert betre i studieplanane i fakultetet?</p> <p>Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel til korleis FHS kan følge opp arbeidet arbeidskrava i studieplanane</p>	<p>Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>15 min</p>
--	---	---	--	---------------

Fakultet for helse- og sosialvitskap

Referat:

Omgrepet arbeidskrav har Utdanningsutvalet ved HVL no bestemt skal endrast til obligatorisk læringsaktivitet. Det er laga [Kriterium for bruka v obligatorisk undervisning](#) Korleis nå ut til fagmiljøa med denne viktige informasjonen når berre 49 % les nyheitsbrev i fakultetet?

Ein rapport om arbeidskrav er utarbeida av nokre 3 års studentar på studiet sosiologi.

Fakultetet har mange skriftlege oppgåver og mange emne med obligatorisk undervisning. Det er berre eit emne som har eit uspesifisert arbeidskrav.

Arbeidskrava skal vere tydelege. Praksis og ferdigheitstrening er låg, Korleis dette er rekna i rapporten er uvisst.

Det er utfordrande i praksisemne å ha obligatoriske læringsaktivitetar.

Arbeidskrav skal leggjast i FS slik at studieadministrasjonen har oversikt over studentar som kan ta eksamen.

Dersom vi legg til eit arbeidskrav i eit emne, må det opprettast eit nytt emne (ny emnekode).

For mange arbeidskrav i eit emne – gjev mindre ressursar til undervisninga.

Innspel frå utvalet:

- Nyttig å få ei slik oversikt over arbeidskrava. Kva som er obligatorisk skal stå i emneplanen og kva som er minste kravet skal og stå. Sjå [Rettleier med kriterium for bruk av obligatorisk læringsaktivitet.](#)
- Kva for læringsbytte skal dekkjast i arbeidskrava og kva kan dekkjast i eksamen? Det er mogeleg å vurdere læringsaktivitetane (arbeidskrava) til eksamen
- Godt å gjere ei analyse av arbeidskrav. Det vil vere tenleg å gjere ei analyse av det same etter at dei nye studieplanane er i gong for å sjå på omfang og bruken av omgrepa på obligatoriske læringsaktivitetar
- Det er viktig at det står spesifisert kva som er obligatoriske læringsaktivitetar i eit emne
- Obligatoriske læringsaktivitetar må også justerast i dei nye studie- og emneplanane
- UU anbefaler at ein utfordrar Avdeling for utdanningskvalitet ved f.eks. Lena Borgen Waage til å lage ein PP presentasjon om dei nye kriteria for obligatoriske læringsaktivitetar, slik at dette vert lett å dele til dei tilsette f.eks. fagseksjonsleiarane

<p>6/19 Tema til kvalitetseminar 4.2.20</p>	<p>Vedlegg:</p>	<p>Innspel til tema for kvalitetsseminar.</p>	<p>Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>20 min</p>
--	-----------------	---	--	---------------

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Referat:

Kvalitetsseminar for tilsette og studentar 4. februar, campus Kronstad kl 10.00 – 15.00

Det skal og vere eit praksisseminar 5. februar med studenttillitsvalte og representantar får praksis



Utdanningsutvalet har følgjande innspel på tema:

- Studentane bør og utfordrast – tema må passe for dei og
- Det er mykje nytt for tida – kan vi utfordra Avd. for utdaningskvalitet og la deg formidla siste nytt?
- Det bør lagast ein spennig tittel på kvalitetsseminaret
- Utfordre Eining for læring og undervisning
- Det hadde vore interessant å få vite noko om korleis studentane tenkjer om evaluering av emne og studieprogram, referansegrupper mm – korleis blir dette tatt vidare? Korleis ser studentane på dette?
- Det er ny organisering av studenttillitsvalte frå 1 januar (student tillitsvalt pr institutt og på fakultet). Dei må inviterast til seminaret
- Kan Toril Forbød dele noko dei gjer på NTNU?
- Tema knytt til praksisadministrasjonen?
- Ha noko om å inkludere studentar i forskning –Sjå på dette frå student perspektiv og frå forskar sitt perspektiv
- Omvendt undervisning- digital undervisning
- Vise gode eksempel – utfordra studentane til å seie noko
- Ein bør ha alt i plenum – evt vurderer å streame innlegga

Utdanningsutvalet jobbar vidare med innspela. Utkast til program sendast Utdanningsutvalet for innspel så snart det er utarbeidd.

5/19 Studieporteføljeutvikling	Vedlegg:	SEFØ modellen (sjå sak 29/19) skal brukast for å vurdere studieporteføljen i fakultetet. FHS skal bruka modellen også for 2021.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	30 min
---------------------------------------	----------	---	---	--------

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

	 Vedlegg til sak 5 om studieportefølje  Vedlegg til sak 5 FHS vurdering av stu	Vi ynskjer innspel og kommentarar frå utdanningsutvalet til arbeidet med tanke på forbetring av arbeid og prosessar til neste års behandling av studieporteføljen.		
<p>Referat: Status på arbeidet med studieporteføljeutvikling i fakultetet. Utvalet ser no resultatet av korleis SEFØ modellen vart til slutt etter at fleire av indikatorane blei tatt inn. Dette skal gjerast vidare på studieprogramnivå til neste år. Vurderinga som er skrevet av fakultetet er lagt fram for styret. Det er stor omlegging på vidareutdanningane. Mange masterutdanningar skal samkøyrast. Master i samhandling og folkehelse skal behandlast i Utdanningsutvalet i februar.</p> <p>Fakultetet ynskjer innspel til neste års prosess. Korleis bør SEFØ modellen nyttast vidare? Blir det for krevjande å gjere dette på alle studieprogramma kvart år?</p> <p>Innspel frå utvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fakultetet har gjort ei stor jobb . Mykje som er gjort kan nyttast i andre samanhengar • Vurdere å bruke SEFØ – modellen som ein kvalitetsrapport for kvart program/fagseksjon, sidan fakultetet kvart år likevel må gjere ei vurdering av studieportefølje. • Å skrive ei slik rapportfor kvar fagseksjon gjer mening • Det er klare indikatorar som må oppfyllast for å køyre studiet • Korleis prosessen blir neste år? Det bør og avklarast om det er instituttleiinga eller fagseksjonsleiarane som skal gjere dette. Fagseksjonsleiarane ynskjer å få melding om dei skal gjera denne prosessen til neste år • Fakultetet må utarbeide ein plan for korleis dette skal gjerast. Laga eit årshjul for å få til ein betre prosess til neste år <p>Utdanningsutvalet ber om at det utarbeidast ei prosess- skildring på korleis jobba fram saka om studieportefølje.</p>				

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

6/19 Orienteringssaker		<ul style="list-style-type: none"> • Rettleiar BA- og MA oppgåva • Status Operasjon praksis bachelorutdanningane 	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	10 min
<p>Referat: Gruppa skal ha eit heildagsmøte torsdag i veke 48. Det kjem nokre nye innspel til korleis jobbe med å rettleie på ei BA oppgåve. Gruppe legg stor vekt på å sjå samanheng mellom ei BA og MA oppgåve.</p> <p>Operasjon praksis Arbeidet er i gong, leia av Mildrid Haugland. Det er tre delprosjekt – visar til Presentasjon av prosjektet Praksisseminar 5. februar vil vere ei arena der praksisfeltet kan spele inn til praksisprosjektet.</p>				
7/19 Eventuelt			Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	10 min
<p>Referat: Andre saker vi bør løfta til neste møte?</p>				